



dagar ut plata «Gi meg Jesus».

Fra Sveio

der «Forkynning», «Proklamasjon», «Utroping» av evangeliet då sjølvsgåt, seier Årre.

Årre fortel at det er åtte som syng, ein som styrer multi media og ein som har ansvaret for lyd, og at dei brukar alt frå strengeinstrument, slagverk og ei rad blåseinstrument.

– Tre av oss berre syng, og så byter me litt plass rundtom etterkvart som dei som spelar byter på kva instrument dei spelar.

Årre fortel at opphaveleg


var Filadelfia «utpost» under Pinseforsamlinga i Haugesund, men at det er mange år sidan forsamlinga blei frittståande.

– Me ligg litt ute på landsbygda, og me er ei forsamlings der me er glad i sang og musikk – og det er mange som kan delta. Kort sagt kan du vel seia at me er ei «Familieforsamling» der ingen druknar i mengda.



Eitt
av medlemene i
Kerysso har tidlegare vore
med i SUM, som kom fra

Lyngdal og har tidlegare utgjeve soloplate, og ein kjem opphaveleg frå Bømlo og ein frå Vats, men me er alle busette her på Auklandshamn, seier Ruth Linda Årre.



Ny bok om Kaj Munk med tema: Kjeldene til jødehat i kristen tradisjon

**Svend Aage
Nielsens bok
teiknar eit fornýa
bilete av Kaj Munk.
Han tek eit opp-
gjer både med Kaj
Munks etterfølg-
jarar og med kriti-
karane hans.**

REDAKSJONEN

Boka er eit prisverdig forsøk på å gje ei meir nøktern vurdering av Kaj Munks liv og virke. Ho fortener å verta både lest og drøfta.

Boka kastar lys over Kaj Munks liv gjennom barndom, ungdom og mannedom ut frå mange kjelder. Tittelen set fokus på det aktuelle emnet: Kjeldene til jødehat i kristen tradisjon.

Forfattaren, Svend Aage Nielsen, meiner at Kaj Munks dramatikk er utfordrande sjølv i dag.

Kjærleksdrama i mange av Kaj Munk sine teaterstykke blir sett på - og får både kritikk og

ros. Kjeldene i boka og kjeldene i litteraturen om Kaj Munk, fører forfatteren inn i ein inngående «samtal» med mennesket Kaj Munk, med hans medspelarar og motspelarar, om teateret og om den kristne tradisjon – på godt og vondt.»

Boka om Kaj Munk finn den raude tråden i diktaren sitt liv. Det er vanskeleg å tenkja seg at forfattarens djupe og detaljerte innsikt i diktarens liv og virke kan vera overgått av nokon annen.

Hans framstilling av Munk er nyansert, ikke ukritisk, men grunnleggjande solidarisk.

Munk blir framstilt i boka som så nærværande at ein vanskeleg kan unngå å bli ramma av gneister frå det bålet som brann i han.

Boka som er på dansk, kan kjøpast frå forfattaren, på danske bibliotek, i bokhandelen eller ved kontakt med Aalborg Universitetsforlags heimeside: www.aauforlag.dk

Tittel: «Jeg beder virkelig meget undskylde»

Forfattar: Svend Aage Nielsen

Forlag: Universitetsforlag. 23 illustrasjoner, 376 sider.



UNDERVISER: Forfatter Victoria Bø underviser på kurset: «Skriv ditt liv».

«Skriv deg frisk»

Mange mennesker har skrevet seg ut av depresjoner og vanskelige perioder i livet. I år tar Fermate Østfold tak i denne vinklingen og inviterer til kurset «Skriv ditt liv».

AV LARS-TORALF STORSTRAND, redaksjonen@idag.no

■ Det begynte med et veldig pilotkurs med venteliste i fjor høst, og Normisjon Østfold tak i dette på nytt i samarbeid med Fermate for å arrangere et nytt kurs.

Kurset er planlagt over to kursdager hvor det brukes kreative skriveøvelser og sjælesørgeriske modeller for å gi kursdeltakerne mulighet til bevisstgjøring av egen tros- og livshistorie. Målsetningen er å gi deltagerne tilgang til ulike verktøy til å øke innsikt og evne til forandring i egne liv, skrives det i en pressemelding fra Fermate.

Kursholdere er Sigmund Danielsen som er leder av Fermate Østfold, og forfatteren Victoria Bø som har skrevet flere romaner og for tiden skriver på en ny roman. Danielsen har undervist i sjælesorg som fag i årevis og utøver daglig vegledning.

Kurset holdes i Sarpsborg i slutten av januar og midten av februar.